



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

200709470-9
A: 315

Dykkar ref.:
NVE 200709470-1 vmu/tsp

Vår ref. (oppgjje ved svar):
2007/15709 ART-FF-SBR/ART-VI-JD
Arkivkode:
046.4Z

Dato:
07.02.2008

Revisjon av konsesjonsvilkåra for Aurareguleringane - høring

Vi viser til brev datert 4. desember 2007. NVE har bede om ev. merknader til *NINA Rapport 275 Krav til vannføring for å reetablere en laksebestand i Aura* og *NINA Rapport 266 Reetablering av villreintrekk over Aursjømagasinet, Lesja og Nettet kommuner*.

NINA Rapport 275

Gjennom revisjonsprosessen har ein mulegheit til å betre miljøvilkåra på fleire område, både der det har komme til gode nye tekniske løysingar på gamle kjente problemstillingar, og der ein har dokumentert negative utilsikta følgjer av reguleringa. St.prp nr 32 *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder* gir ei sterk føring om å bidra til at laksebestandane får eit betre vern generelt, og det er spesielt peika på potensialet som ligg i revisjonsprosessane.

Direktoratet ser på bakgrunn av dette at det er svært verdifullt å få ein gjennomgang av nødvendige vassføringar og andre tiltak for å kunne reetablere laksen i Aura. Laksen i Aura/Eira har vore kjent som ein storlaksbestand, og reetablering av laks i Aura vil vera viktig for norsk villaksforvaltning.

Energistyresmaktene vil vurdere innføring av minstevassføring i Aura opp mot tap av kraftproduksjon. Ei generelt auka vassføring i Aura inkludert minstevassføring vil i tillegg til å reetablere laksebestanden i Aura vera positivt for vassdragsmiljøet generelt, og bidra positivt for den storvokste laksebestanden i Eira. I tillegg til at laksen kom bort frå Aura er det som kjent dokumentert sterkt redusert storleik på laksen i Eira etter at Aurareguleringa starta opp i 1953.

Samtidig er vi kjent med at det frå lokalt hald er foreslått å byggje eit kraftverk i Eikesdalen for å utnytte ei minstevassføring til kraftproduksjon. Dette kom klart fram under eit møte i miljømålprosjektet i Aura i Eidsvåg november 2007, der følgjer av eit kraftverksalternativ vart etterlyst. Direktoratet er på mange måtar enig i at dette lokale "kravet", vi meiner det vil vera svært uheldig å gå vidare i denne prosessen utan at positive og negative følgjer av eit slikt tiltak kjem på bordet.

Direktoratet meiner derfor at konsekvensane av å byggje eit kraftverk i Eikesdalen må utgreiast. Eit kraftverk vil kunne kompensere for tapt kraftproduksjon i Aura kraftverk, og med det også kunne sikre ei høg nok minstevassføring for å etablere laksen i Aura og med positive følgjer for vassdragsmiljøet

generelt. I tillegg til at inngrep i samband med eit eventuelt nytt kraftverk må vurderast i forhold til minstevassføring må ein også vurdere konsekvensar for estetikk og friluftsliv, samt effektar for Eikesdalsvatnet og Eira. Da vi veit at eit slikt alternativ er reelt, meiner vi det er på sin plass å få greidd ut både positive og negative konsekvensar av dette i tillegg til tiltaka som er presentert i rapporten.

NINA Rapport 266

Direktoratet vurderer det som svært viktig å få på plass avbøtande tiltak der tidlegare inngrep har hatt store negative verknader på villreinen sin områdebruk. Villreinbestanden i Snøhetta er i dag funksjonelt sett delt i to bestandar som ei følgje av Aurotbygginga. Generell kunnskap tyder på at dette fører til at det er rom for ei mindre villreinstamme samla sett for området, enn om det ikkje var slik. Fragmenterte bestandar er og meir utsette for plutslege hendingar enn større samanhengande bestandar. Dette vart illustrert i 2006 da eit snøras i Snøhetta Vest tok ca 200 dyr av ei stamme på ca 600. Oppdelte bestandar er og meir utsette for negative miljøendringar, slik ein no kan forvente skjer for villreinen i samband med klimaendringane. Snøhetta vil etter dei prognosane vi no får få minska tilgjengelege vinterbeite som ei følgje av meir og våtare snø om vinteren. Det er derfor svært positivt om ein ved ei revidering av konsesjonen for denne vassdragsutbygginga kan legge til rette for betra trekktilhøve mellom Snøhetta Aust og Snøhetta Vest.

I NINA Rapport 266 peikar ein på to tiltak som kan gje slik verknad; flytting/riving av hytter ved Torbuhalsen og bygging av terskel ved utoset av Gautsjøen (Gåsbuosen). I denne rapporten er det og greidd ut ulike utformingar av ein slik terskel. Direktoratet si vurdering er at ein terskel som er over høgaste regulerte vasstand (HRV), vil vere det mest positive for villreinen. I eit langsiktig perspektiv er det svært viktig for villreinen i Snøhetta at ein meir naturleg trekkaktivitet kan takast oppatt mellom dei to fragmenta i Snøhetta villreinområde. Tilrådingane om tilleggstilltak i området for å sikre verknaden av ein evt. terskel må og følgjast opp om ein skal få nytte av investeringane.

Det bør og vurderast om det er muleg å pålegge innehavar av konsesjonen for dette kraftanlegget å legge til rette for villreinens bruk av området ved Torbuhalsen gjennom oppkjøp av hytter i dette området. Slikt eventuelle oppkjøp bør skje i samråd med lokal villreinforvaltning.

Eventuelle tiltak bør følgjast opp med registreringar av villreinens områdebruk slik ein kan sikre god dokumentasjon av tiltaka. Dette er viktig med tanke på behovet for liknande løysingar i andre kraftmagasin.

Med helsing



Raoul Bierach e.f.
Seksjonssjef



Sturla Brørs

Kopi:

Møre og Romdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

Eira Elveeigarlag v/Per Even Opsal, Leirvoll, 6470 Eresfjord

Eikesdal Grunneigarlag v/Bjørn Oppigard, Oppigard, 6472 Eikesdal

Nordre Eikesdal Grunneigarlag v/Henning Øverås, Øverås, 6470 Eresfjord

Eikesdal Bygdalag, Eikesdal Sameige og grunneigarlaga i Eikesdal v/Ernst-Otto Kristiansen, Hargotveien 11, 6460 Eidsvåg i Romsdal

Neset kommune, 6460 Eidsvåg i Romsdal